



Statens vegvesen

Rydland Bygg AS

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 15/222837-2 23.11.2015

Utvida bruk av avkjørsle E39 – Gnr. 247 bnr. 10 Dyrkolbotn – Lindås kommune

Vi viser til søknad om utvida bruk av avkjørsle til E39 for oppføring av ny personalbustad ved Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskule og Gjestehus, gnr. 247 bnr. 10 i Lindås kommune. Tiltaket er prosjektert med 3 stk. leilegheiter og 3 stk. hyblar, samt at det legg opp til utviding av eit «bed & breakfast»-tilbod.

I kommuneplanens arealdel 2011–2023, er Dyrkolbotn markert som LNF-område med spreidd næringsbygging, SN1. I føresegn §5.25 vert vilkåra spesifisert. Omsøkt tiltak synes å vere i tråd med føresegna, og Statens vegvesen legg dette til grunn for si handsaming. Vi gjer likevel merksam på at søknadsplikt og planstatus etter plan- og bygningsloven må avklarast med Lindås kommune.

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på den vegen det er søkt om avkjørsle frå.

Dyrkolbotn Fjellstove Leirskule og Gjestehus har avkjøring frå E39 i Romarheimsdalen. I *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*, er vegen forbi omsøkt avkjørsle vist med **haldningsklasse 1**. Dette vil mellom anna seie at:

- Vegane skal i prinsippet vere fri for avkøyrslar
- Nye avkøyrslar og utvida bruk av eksisterande avkøyrslar – utanom til primærnæring som er bunden til areala – vert berre godkjent etter reguleringsplan eller etter veglova
- Svært viktig hovudveg (nasjonal og regional funksjon)

I samband med opprusting av E39 gjennom Romarheimsdalen i perioden 2005–2008 vart avkjørsla til Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskule og Gjestehus utbetra, og er no i god stand. Vi finn det difor tilrådeleg å tillate utvida bruk av avkjørsla for det omsøkte tiltaket.

VEDTAK

Med heimel i Veglova §§ 40–43 godkjenner vi utvida bruk av avkjørslen frå E39 hp 31 ved km 5,460 til eigedomen gnr. 247 bnr. 10 i Lindås kommune. Følgjande vilkår gjeld for godkjenninga:

1. Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt ovanfor.
2. Løyvet fell bort dersom avkjørsla ikkje er teke i bruk til nemnde føremål innan 3 år frå d.d.

Plan og forvaltning – Bergen

Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Skulstad Marianne
senioringeniør

Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.